



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank



DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

4. kvartal 2014

Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.12.2014

Rekneskapen for 4. kvartal 2014 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Rekneskapet for fjerde kvartal 2014 er ikkje revidert.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 27,73 mill. pr. 31.12.2014, mot NOK 20,52 mill. pr. 31.12.2013. Avviket skuldast i hovudsak høgare provisjonsinntekter, andre driftsinntekter, lågare tap på utlån og vinst på finansielle instrument, mellom anna grunna sal av banken sine aksjar i NETS. Pr. 31.12.2014 hadde banken NOK 2,25 mill. lågare rentenetto og NOK 4,96 mill. lågare tap på utlån enn pr. 31.12.2013.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2014 var NOK 3,14 mill. betre enn pr. 31.12.2013.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.12.2014 på 8,42 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,61 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein reduksjon på 0,11 %-poeng frå 31.12.2013. Netto renteinntekter gikk ned med NOK 2,25 mill. samanlikna med 31.12.2013. Den svekka rentenettoen skuldast hovudsakleg sterk konkurranse og fallande rentenivå. Ei anna årsak er at banken hadde eingongs-kostnader i samband med førtidig innfriing av ein fondsobligasjon i 4. kvartal stor NOK 1,8 mill.

Driftsinntekter

Pr. 31.12.2014 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 22,88 mill. mot NOK 17,18 mill. pr. 31.12.2013. Dette skuldast auka andre driftsinntekter og gebyr- og provisjonsinntekter mellom anna grunna auka inntekter frå Eika Boligkreditt AS. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 9,96 mill. pr. 31.12.2014. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på NOK 6,91 mill.



Driftskostnader

Pr. 31.12.2014 var driftskostnadene NOK 57,18 mill. mot NOK 52,92 mill. til same tid i fjor. Kostnadsauken skuldast i hovudsak auka løn- og personalkostnader, og auka andre kostnader. Kostnadsprosenten pr. 31.12.2014 er 68,62 % mot 65,42 % pr. 31.12.2013.

Tap på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 31.12.2014 ført tap på utlån med NOK 4,33 mill. mot NOK 9,29 mill. til same tid i fjor. I løpet av 4. kvartal 2014, har morbanken auka individuelle nedskrivingar med NOK 0,47 mill. Gruppenedskrivingane i morbank er uendra i 4. kvartal 2014. Sum individuelle nedskrivingar i morbank utgjør 0,41 % og nedskriving av grupper utgjør 0,23 % av brutto utlån pr. 31.12.2014.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.2014 var konsernet si kapitaldekning 15,98 % mot 18,50 % pr. 31.12.2013. Utrekningsgrunnlaget har minka frå NOK 1.907,97 mill. pr. 31.12.2013 til NOK 1.791,42 mill. pr. 31.12.2014. Rein kjernekapitaldekning var 13,73 % pr. 31.12.2014 mot 11,28 % pr. 31.12.2013. Styret er nøgd med utviklinga av den reine kjernekapitalen. Morbanken har omstrukturert den ansvarlege kapitalen sin i 2. halvår 2014 slik at han er meir tilpassa CRDV IV. Morbanken løyste i 3. kvartal 2014 inn ein fondsobligasjon stor NOK 40 mill. som ikkje vart fornya. I tillegg tok morbanken regulatorisk call på den konvertible obligasjonen banken hadde på NOK 60 mill. i 4. kvartal 2014. Denne obligasjonen vart erstatta med eit ansvarleg lån stort NOK 50 mill. For morbank inneber dette noko mindre ansvarleg kapital og kjernekapital. Morbanken ligg likevel langt over kapitalkrava. Frå 2015 inneber det òg ei halvering av kostnadane for dei ansvarlege låna og fondsobligasjonane. Endringa påverkar ikkje den reine kjernekapitalen som har styrka seg med 2,45 %-poeng siste år.

Banken si kapitaldekning ligg over det regulatoriske kravet, og den reine kjernekapitalen har auka meir enn venta i 2014. Styret har i sin ICAAP vurdert ulike tiltak som til dømes eigenkapitalemisjonar for å nå målsetjinga for rein kjernekapital

Slik den reine kjernekapitalen har utvikla seg i 2014, der banken snart har nådd det langsiktige målet sitt om ein rein kjernekapital lik 14,00 %, ser ikkje styret det som naudsynt med ein eigenkapitalemisjon på kort sikt. Betra rein kjernekapital gjev rom for eit utbyte òg i 2014.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.12.2014 etter berekna skatt, vart NOK 22,55 mill. mot NOK 15,62 mill. pr. 31.12.2013. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 31.12.2014 utgjør avkastninga NOK 11,90 pr. eigenkapitalbevis etter skatt. I morbank pr. 31.12.2014 er avkastninga NOK 11,77 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Indre Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2014 var NOK 70,75 pr. eigenkapitalsbevis mot NOK 56,25 pr. 31.12.2013. Det vart i 2013 betalt ut NOK 3,25 pr. eigenkapitalbevis i utbyte.



I samsvar med utbyttepolitikken i banken har styret for 2014 gjort framlegg om eit utbyte på NOK 3,25 for kvart eigenkapitalbevis. NOK 8,52 pr. eigenkapitalbevis blir tilført utbytereguleringsfondet.

Fig. 1 Kursutvikling – eigenkapitalbevis ISSB – 2014



Kursen på eigenkapitalbeviset pr. 31.12.2014 var NOK 70,75 ein auke på 25,70 % sidan 31.12.2013. Eigenkapitalindeksen¹ gjekk opp med 15,93 % i same periode. Bokført verdi på eigenkapitalbeviset før utbyte er NOK 149,60.

Utlån

I 2014 er utlåna i morbank reduserte med NOK 177,19 mill. eller 6,27 % til NOK 2.646,96 mill. Utlån til personkundar er redusert med NOK 119,30 mill. medan utlån til næringslivet er reduserte med NOK 57,89 mill. I tillegg yter banken NOK 930,81 mill. i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2014 er det ein auke i porteføljen på NOK 247,23 mill. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla vekst dei siste 12 månadane på NOK 70,04 mill, eller 2,00 %.

Innskot

I 2014 har innskota i morbank auka med NOK 266,90 mill. eller 12,44 % til NOK 2.413,02 mill. Innskot frå personkundar har i 2014 auka med NOK 79,50 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 187,40 mill. Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2014 er 91,16 %. Innskotsdekninga er den høgaste banken har hatt på 15 år.

Forvaltningskapital

Morbanken sin forvaltningskapital har i 2014 auka med NOK 71,57 mill. til NOK 3.538,93 mill. pr. 31.12.2014, ein auke på 2,06 %.

¹ Alle noterte eigenkapitalbevis inngår i likviditetssegmentet OB Eigenkapitalbevis på Oslo Børs.

Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet fekk ein omsetning på NOK 3,90 mill i 2014 mot 2,29 mill i 2013, og eit underskot før skatt på NOK 0,20 mill. Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000. Aksjane er pr. 31.12.2014 nedskrivne til NOK 7.253,25 pr. stk.

Det vert gjort framlegg om å gi eit konsernbidrag på NOK 0,3 mill. til selskapet. Konsernbidraget utjamnar skattebelastninga i selskapet ved at gjevar kan kreva skattmessige frådrag for bidraget, medan mottakar aukar dei skattepliktige inntektene sine.

Selskapet er ein del av banken si strategiske satsing på eigedomsmekling. Banken har bygd opp to meklarkontor, eit i Øvre Årdal og eit i Sogndal, integrert i banklokala under merkevara Aktiv Årdal og Aktiv Sogndal.

Utsiktene framover

Netto provisjonar har vist ein fin auke i 4. kvartal 2014 og det same har netto vinst på finansielle instrument. Styret forventar framleis auke i desse inntektene.

Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Kapitaldekninga er god, men banken jobbar vidare med å tilpassa seg ein kapitalstruktur som tek omsyn til styresmaktene og marknaden sine krav til kapitaldekning, og forventningar om framtidig vekst. Siste året har morbanken auka mykje den reine kjernekapitalen sin. Morbanken ligg føre kapitalplanen på den reine kjernekapitalen, men i perioden fram til banken har nådd ein rein kjernekapital på 14,00 %, vil det påverka utdelingsgraden i høve utbyttepolitikken sine målsetjingar.

Styret prioriterer arbeidet med å tilpassa banken til ein ny kvardag i høve kundebehov og konkurranse. I 2014 er kontora bygd om til rådgjevingsskontor, ny teknologi er installert, og kontanthandteringa i banken er under avvikling. Denne omlegginga forventar styret vil gi auka effektivitet og auka inntekter i banken.

Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Årdalstangen den 05. februar 2015.

Siri H. Lagmannsås (s.)
Styreleiar

Siv Enerstvedt (s.)

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Morten Kristiansen (s.)

Per Åke Evjestad (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. Banksjef



Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2014

Me erklærer etter beste overtyding at delårsrekneskapet for fjerde kvartal 2014 er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar òg at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at delårsrapporten for fjerde kvartal 2014 gjev ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står overfor i 2015.

Årdalstangen den 05. februar 2015.

Siri H. Lagmannsås (s.)
Styreleiar

Siv Enerstvedt (s.)

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Morten Kristiansen (s.)

Per Åke Eufestad (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. Banksjef



Delårsrekneskap 4. kvartal 2014

Konsern					i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT (i 1.000 kr)	4. kv.14	4. kv.13	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2014
Renteinntekter	34.209	36.163	138.783	141.188	3,97 %
Rentekostnader	20.612	20.586	82.388	82.539	2,36 %
Netto renteinntekter	13.596	15.577	56.395	58.649	1,61 %
Utbyte	0	0	4.055	5.073	0,12 %
Provisjonsinntekter m.v.	6.001	5.055	21.588	17.508	0,62 %
Provisjonskostnader m.v.	753	655	2.950	2.510	0,08 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	97	29	5.900	1.833	0,17 %
Andre driftsinntekter	875	719	4.244	2.180	0,12 %
Netto andre driftsinntekter	6.220	5.148	32.837	24.084	0,94 %
Løn og personalkostnader	7.480	6.650	27.424	25.180	0,78 %
Administrasjonskostnader	2.978	3.459	10.223	10.278	0,29 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.235	916	3.883	3.730	0,11 %
Andre driftskostnader	4.331	3.934	15.649	13.735	0,45 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	16.024	14.959	57.179	52.923	1,64 %
Tap på utlån	1.272	4.291	4.327	9.286	0,12 %
Driftsresultat før skatt	2.520	1.474	27.726	20.524	0,79 %
Skattekostnad	399	1.000	5.180	4.903	0,15 %
Resultat etter skatt	2.121	474	22.546	15.621	0,65 %
Utvida resultat					
Postar som ikke vil bli reversert i ordinært resultat					
Endring i estimatawik pensjonsordning	-3.076	-1.406	-3.076	-1.406	-0,09 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat					
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjenge	13.649	10.051	7.811	11.537	0,22 %
Utvida resultat etter skatt	10.573	8.645	4.735	10.131	0,14 %
Totalresultat	12.694	9.119	27.281	25.752	0,78 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	1,12	0,25	11,90	8,34	
Konsern					i % av gj.sn. forv.kap.
BALANSE (i 1.000 kr)					
Eigendelar			31.12.2014	31.12.2013	31.12.2014
Kontantar og fordringar på sentralbankar			444.602	138.506	12,56 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			154.874	193.293	4,38 %
Utlån til og fordringar på kundar			2.630.397	2.804.016	74,34 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			164.156	205.889	4,64 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			100.004	86.474	2,83 %
Investering i dotterselskap			0	0	0,00 %
Goodwill			912	912	0,03 %
Utsett skattefordel			1.345	879	0,04 %
Varige driftsmidler			33.609	34.244	0,95 %
Overtekne og andre eigendelar			8.632	2.492	0,24 %
Sum eigendelar			3.538.531	3.466.705	100,00 %
Gjeld og egenkapital					
Gjeld til kredittinstitusjonar			2	10.132	0,00 %
Innskot frå kundar			2.402.900	2.131.209	67,91 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			736.264	901.190	20,81 %
Anna gjeld			23.467	27.847	0,66 %
Pensjonsforpliktingar			5.320	2.684	0,15 %
Ansvarleg lånekapital			90.533	138.371	2,56 %
Sum gjeld			3.258.486	3.211.433	92,09 %
Opptent eigenkapital			193.062	190.835	5,46 %
Innskoten eigenkapital			64.437	64.437	1,82 %
Udisponert overskot etter skatt			22.546	0	0,64 %
Sum eigenkapital			280.045	255.272	7,91 %
Sum gjeld og eigenkapital			3.538.531	3.466.705	100,00 %
Postar utanom balansen					
Garantiar			81.154	103.331	
Garanti Eika Boligkreditt AS			123.363	78.213	

Delårsrekneskap 4. kvartal 2014

						i % av gj.sn. forv.kap.
						Morbank
RESULTAT (i 1.000 kr)	4. kv.14	4. kv.13	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2014	
Renteinntekter	34.204	36.131	138.793	141.024	3,97 %	
Rentekostnader	20.613	20.546	82.388	82.364	2,36 %	
Netto renteinntekter	13.592	15.585	56.405	58.660	1,61 %	
Utbyte	0	0	4.055	5.073	0,12 %	
Provisjonsinntekter m.v.	6.002	5.055	21.591	17.508	0,62 %	
Provisjonskostnader m.v.	753	665	2.950	2.496	0,08 %	
Netto vinst/tap på finansielle instrument	-346	29	5.457	1.833	0,16 %	
Andre driftsinntekter	59	273	340	809	0,01 %	
Netto andre driftsinntekter	4.962	4.691	28.493	22.727	0,82 %	
Løn og personalkostnader	6.704	6.332	25.461	24.358	0,73 %	
Administrasjonskostnader	2.354	3.127	9.198	9.857	0,26 %	
Avskrivinger på driftsmidler	1.224	910	3.872	3.724	0,11 %	
Andre driftskostnader	4.476	3.800	14.492	13.196	0,41 %	
Sum driftskostnader før tap på utlån	14.758	14.168	53.023	51.134	1,52 %	
Tap på utlån	1.272	4.291	4.327	9.286	0,12 %	
Driftsresultat før skatt	2.524	1.817	27.548	20.967	0,79 %	
Skattekostnad	512	1.119	5.244	5.022	0,15 %	
Resultat etter skatt	2.012	699	22.304	15.945	0,64 %	
Utvida resultat						
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat						
Endring i estimatawik pensjonsordning	-3.076	-1.406	-3.076	-1.406	-0,09 %	
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat						
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	13.649	10.051	7.811	11.537	0,22 %	
Utvida resultat etter skatt	10.573	8.645	4.735	10.131	0,14 %	
Totalresultat	12.585	9.344	27.039	26.076	0,77 %	
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	1,06	0,37	11,77	8,51	0,00 %	
						i % av gj.sn. forv.kap.
						Morbank
BALANSE (i 1.000 kr)						
Eigendelar			31.12.2014	31.12.2013	31.12.2014	
Kontantar og fordringar på sentralbankar			444.602	138.505	12,56 %	
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			154.874	193.293	4,38 %	
Utlån til og fordringar på kundar			2.629.820	2.803.486	74,31 %	
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			164.156	205.889	4,64 %	
Verdipapir tilgjengeleg for sal			99.964	86.434	2,82 %	
Investerings i dotterselskap			2.078	2.301	0,06 %	
Goodwill			0	0	0,00 %	
Utsett skattefordel			1.246	762	0,04 %	
Varige driftsmidler			33.563	34.244	0,95 %	
Overtekne og andre eigendelar			8.632	2.455	0,24 %	
Sum eigendelar			3.538.934	3.467.369	100,00 %	
Gjeld og eigenkapital						
Gjeld til kredittinstitusjonar			2	10.132	0,00 %	
Innskott frå kundar			2.413.016	2.146.118	68,18 %	
Gjeld ved utsteda verdipapir			736.264	901.190	20,80 %	
Anna gjeld			13.671	13.277	0,39 %	
Pensjonsforpliktingar			5.320	2.684	0,15 %	
Ansvarleg lånekapital			90.533	138.371	2,56 %	
Sum gjeld			3.258.806	3.211.772	92,08 %	
Opptent eigenkapital			193.387	191.160	5,46 %	
Innskoten eigenkapital			64.437	64.437	1,82 %	
Udisponert overskot etter skatt			22.304	0	0,63 %	
Sum eigenkapital			280.128	255.597	7,92 %	
Sum gjeld og eigenkapital			3.538.934	3.467.369	100,00 %	
Postar utanom balansen						
Garantiar			81.154	103.331		
Garanti Eika Boligkreditt AS			123.363	78.213		

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.05.2013	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			4.957	5.383	5.281		15.621	
<i>Utvirda resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	3.551	5.383	5.281	11.537	25.752	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	137.482	18.332	23.206	11.816	255.272	
Resultat etter skatt			22.546				22.546	
<i>Utvirda resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-4.214				-4.214	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			1.138				1.138	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						7.811	7.811	
Totalresultat 31.12.2014	0	0	19.470	0	0	7.811	27.281	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-453		-453	
Eigenkapital 31.12.2014	31.625	32.812	156.952	16.276	22.753	19.627	280.045	

Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.12.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.01.2013	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			5.280	5.383	5.281		15.945	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	3.874	5.383	5.281	11.537	26.076	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	137.805	18.332	23.206	11.816	255.597	
Resultat etter skatt			22.304				22.304	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-4.214				-4.214	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			1.138				1.138	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						7.811	7.811	
Totalresultat 31.12.2014	0	0	19.228	0	0	7.811	27.039	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-453		-453	
Eigenkapital 31.12.2014	31.625	32.812	157.034	16.276	22.753	19.627	280.128	

Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

	Morbank		Konsern	
	4. kvartal 2014	31/12-2013	4. kvartal 2014	31/12-2013
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar				
Resultat før skattekostnad	27.548	20.967	27.681	20.524
Betalt skatt i perioden	-5.123	-4.430	-5.096	-4.447
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	-5.452	-250	-5.452	-250
Ordinære avskrivningar	3.872	3.724	3.872	3.730
Nedskrivning/reversering anleggsmidler	-7.256		-7.256	
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn/utbet i ordning.	2.636	-260	2.636	-260
Endring utlån (inn- og utbetalingar utlån/utnytta rammekreditt)	173.666	23.942	174.087	23.942
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-10.130	-126.997	-10.130	-126.997
Endring innskot frå kundar	266.898	74.674	265.015	74.674
Endringar verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	48	466	48	466
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-3.084	-7.107	-1.783	-6.652
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	443.622	-15.271	443.621	-15.270
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar				
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		250	0	250
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-3.191	-603	-3.191	-603
Utbetalningar ved kjøp av aksjar i dotterselskap		-2.301	0	-2.301
Innbetalningar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	25.105		25.105	
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-10.066		-10.066	
Innbetalningar ved sal av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	36.781	12.880	36.781	12.880
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	-9.065	-8.274	-9.065	-8.274
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	39.564	1.952	39.564	1.952
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar				
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	150.000	298.905	150.000	298.905
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-363.000	-133.000	-363.000	-133.000
Utbetaling av utbyte	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056
Utbetalningar til gåver	-453	-500	-453	-500
Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	-215.509	163.349	-215.509	163.349
Netto kontantstraum for perioden	267.678	150.030	267.677	150.031
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	331.798	181.768	331.799	181.768
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	599.476	331.798	599.476	331.799
Denne er sett saman av:				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	444.602	138.505	444.602	138.506
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	154.874	193.293	154.874	193.293

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2014 til 31.12.2014. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Indre Sogn Sparebank innreknar dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS i konsernrekneskapet frå og med 01.05.2013 og har utarbeida konserntal for perioden frå oppkjøp til 31.12.2014.

Rekneskapet for fjerde kvartal 2014 vart vedteke av styret 05. februar 2015.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i årsrekneskapen for 2013, med tillegg av IFRS 3 for konsernrekneskap frå og med 31.12.2013, er nytta i delårsrekneskapen for fjerde kvartal 2014 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Når det gjeld ytingar til tilsette, pensjon, nytta Indre Sogn Sparebank tidleg bruk av revidert IAS 19 ved konvertering til IFRS i 2011. Endringar som følgje av IAS 19 har ikkje innverknad på rekneskapstala for 2013 eller tidlegare periodar.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2013 for Indre Sogn Sparebank.



3 Konserndanning

Indre Sogn Sparebank har kjøpt opp og kontrollerer 100 % av Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS. Selskapet skal drive med egedomsmekling i Indre Sogn. Selskapet har tre tilsette.

Selskapet vart overteke 01.05.2013 og er ein del av den strategiske satsinga til banken på egedomsmekling.

Den verkelege verdien av føretaket ved kjøp var NOK 1,3 mill. som vart oppgjort med kontantar.

Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000.

Goodwill

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produktspekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Goodwill vert vurdert for nedskriving ved kvart rapporteringstidspunkt. Goodwill NOK 912.000 referer seg til overtakinga av Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS den 01.05.2013. Banken si oppfatning er at denne verdien er intakt pr. 31.12.2014.

4 Transaksjonar med nærstående partar

Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap og er eit reint egedomsmeklingsføretak.

I konsernrekneskapet er bankinnskott eliminert med NOK 10,1 mill.

I konsernrekneskapet er netto tap på finansielle instrument elimert med kr. 442.500. Det er nedskriving av aksjar i Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS føreteke av morselskapet.

Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS har eit underskot etter skatt pr. 31.12.2014 på NOK 201.912. Sjå òg note 3.

5 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



6 Informasjon om sektor og næring på utlån og fordringar til kunder og innskot frå kunder

i 1.000 kr

	Morbank			Konsern	
	31.12.2014	2013 +/-	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2013
Lønstakarar	1.975.499	-119.295	2.094.794	1.975.499	2.095.324
Jordbruk, skogbruk, fiske	41.524	-1.492	43.016	41.524	43.016
Industri	39.128	5.321	33.807	39.128	33.807
Bygg og anlegg	87.400	-1.402	88.802	87.400	88.802
Handel, hotell, transport, tenester	183.155	-39.634	222.789	183.155	222.789
Finansiering, eigedomsdrift	276.597	-9.510	286.107	277.174	286.107
Offentleg forvaltning og andre	43.654	-11.178	54.832	43.654	54.832
Sum utlån før nedskrivingar	2.646.957	-201.322	2.824.147	2.647.534	2.824.677
Individuelle nedskrivingar	-10.937	3.424	-14.361	-10.937	-14.361
Gruppevise nedskrivingar	-6.200	100	-6.300	-6.200	-6.300
Sum utlån til og fordringar på kunder i balansen	2.629.820	-197.798	2.803.486	2.630.397	2.804.016
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	930.809	247.233	683.576	930.809	683.576
Totale utlån	3.560.629	49.435	3.487.062	3.561.206	3.487.592

Innskot frå kunder	Morbank			Konsern	
	31.12.2014	2013 +/-	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2013
Lønstakarar	1.463.388	153.493	1.383.891	1.463.388	1.383.891
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	53.935	7.189	54.742	53.935	54.742
Industri	26.494	6.460	37.565	26.494	37.565
Bygg og anlegg	62.301	598	56.992	62.301	56.992
Handel, hotell, transport, tenester	56.302	-1.969	51.107	56.302	36.198
Finansiering, eigedomsdrift	603.870	144.711	333.331	593.755	333.331
Offentleg forvaltning og andre	146.726	31.062	228.490	146.726	228.490
Sum innskot	2.413.016	341.545	2.146.118	2.402.901	2.131.209

7 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern

a) Brutto- og netto mislighaldne engasjement

i 1.000 kr

	31.12.2014	31.12.2013
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar		
Misleghald næringslivskundar	7.626	17.955
Misleghald personkundar	17.072	11.859
= Brutto misleghaldne engasjement	24.698	29.814
- Individuelle nedskrivningar	3.627	5.544
= Netto misleghaldne engasjement	21.462	24.270

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje mislighaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	28.676	39.734
- Individuelle nedskrivningar	6.560	8.817
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	22.116	30.917

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	31.12.2014	31.12.2013
Kostnadsførte konstaterte tap med tidligare individuelle nedskrivningar	7.379	9.210
Kostnadsførte konstaterte tap utan tidligare individuelle nedskrivningar	946	398
Inngått på tidligare konstaterte tap	473	131
Nye individuelle nedskrivningar	4.351	7.596
Auke i eksisterande individuelle nedskrivningar	498	3.200
Konstaterte tidligare individuelle nedskrivningar	7.379	9.487
- Reduserte individuelle nedskrivningar	1.015	500
= Netto resultateffekt individuelle nedskrivningar	4.307	10.286
+/- Periodens endring i gruppenedskrivning	-100	-1.000
= Kostnadsførte tap på utlån	4.207	9.286
= Tapskostnader på garantiar i inneverande år	0	0

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	14.361	13.552
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	7.379	9.487
+ Netto auke individuelle nedskrivningar gjennom året	498	3.200
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	4.351	7.596
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	1.015	500
= Individuelle nedskrivningar på utlån	10.816	14.361

Tapsavsetninger på garantiar

	0	0
--	---	---

Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året

Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.300	7.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-100	-1.000
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	6.200	6.300

d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	1.839	1.229
--	-------	-------

8 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Morbank		Morbank		Morbank		Morbank		Morbank	
	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement	%					
Personmarknad	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014
Låg	2.165.118	2.238.902	300	1.500	170	658	2.164.648	2.236.744	69,0 %	67,4 %
Normal	54.288	54.257	483	0	274	0	53.531	54.257	1,7 %	1,6 %
Høg	3.535	6.375	29	0	16	0	3.490	6.375	0,1 %	0,2 %
Problemengasjement	3.037	1.154	2.352	538	1.333	236	-648	380	0,0 %	0,0 %
Ikkje klassifiserte	5.372	6.064	13	21	7	9	5.352	6.033	0,2 %	0,2 %
Sum	2.231.351	2.306.752	3.177	2.059	1.801	903	2.226.373	2.303.789	70,9 %	69,5 %
Næringsliv	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014
Låg	758.212	840.844	0	106	0	47	758.212	840.691	24,2 %	25,3 %
Normal	95.425	112.510	0	6.917	0	3.034	95.425	102.559	3,0 %	3,1 %
Høg	60.675	74.599	7.010	5.279	3.974	2.316	49.691	67.004	1,6 %	2,0 %
Problemengasjement	3.019	127	750	0	425	0	1.844	127	0,1 %	0,0 %
Ikkjeklassifiserte	7.115	2.219	0	0	0	0	7.115	2.219	0,2 %	0,1 %
Sum	924.447	1.030.298	7.760	12.302	4.399	5.397	912.288	1.012.600	29,1 %	30,5 %
Risikoklasse	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement	%					
TOTAL	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014	31.12.2014
Låg	2.923.330	3.079.746	300	1.606	170	705	2.922.860	3.077.435	93,1 %	92,8 %
Normal	149.714	166.767	483	6.917	274	3.034	148.956	156.816	4,7 %	4,7 %
Høg	64.210	80.974	7.039	5.279	3.990	2.316	53.181	73.379	1,7 %	2,2 %
Problemengasjement	6.057	1.281	3.102	538	1.759	236	1.196	507	0,0 %	0,0 %
Ikkjeklassifiserte	12.487	8.283	13	21	7	9	12.467	8.252	0,4 %	0,2 %
Sum	3.155.798	3.337.050	10.937	14.361	6.200	6.300	3.138.661	3.316.389	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unyttta kredittrammer, garantiar og unyttta garantirammer.

9 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente- vilkår
				31.12.2014	31.12.2013	
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000		100.172	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000		150.361	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	150.094	164.922	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010664931	30.11.2012	30.11.2015	100.000	100.239	100.201	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010672967	07.03.2013	07.03.2016	110.000	110.199	110.317	3 mnd. NIBOR + 1,10 %
NO0010700370	14.01.2014	14.10.2016	100.000	100.444		3 mnd. NIBOR + 0,83 %
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	100.250	100.197	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	125.071	125.058	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	49.967	49.962	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapir				736.264	901.190	
Fondsobligasjoner						
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	0	39.987	3 mnd. NIBOR + 2,15 % 1)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000		58.188	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 2)
NO0010675747	30.04.2013	Evigvarande Calldato 30.04.2018	40.000	40.239	40.196	3 mnd. NIBOR + 4,90 % 3)
Ansvarleg lånekapital						
NO0010720907	03.10.2014	30.10.2024 Calldato 22.08.2019	50.000	50.294		3 mnd. NIBOR + 1,70 % 4)
Sum ansvarleg lånekapital				90.533	138.371	

1) Frå 29.09.2014 aukar rentetillegget (margin til referanserate) med 1 % til 3,15 %.
Banken gjorde opp lånet 29.09.2014 til kurs 100 %.

2) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital. Lånet ble gjort opp 31.10.2014 med bakgrunn i endringer i offentlige reguleringer.

3) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital.
Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

4) Lånet tel som tilleggskapital etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som tilleggskapital.
Banken kan frå 22.08.2019, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

10 Segment

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir følgde opp av næringsavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter vurderinga til banken, ligg det ikkje føre vesentlege forskjellar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

i 1.000 kr

RESULTAT	31.12.2014	
	PM	BM
Renteinntekter	93.164	33.849
Rentekostnader	49.681	10.669
Netto renteinntekter	43.483	23.180
Utbyte		
Provisjonsinntekter m.v.	20.512	978
Provisjonskostnader m.v.	2.503	306
Netto vinst/tap på finansielle instrument	336	
Andre driftsinntekter	340	
Netto andre driftsinntekter	18.685	672
Løn og personalkostnader	20.420	2.009
Administrasjonskostnader	7.604	686
Avskrivningar på driftsmidler	3.288	292
Andre driftskostnader	11.243	877
Sum driftskostnader før tap på utlån	42.555	3.864
Tap på utlån	-3.517	7.844
Driftsresultat før skatt	23.130	12.145
BALANSE		
	PM	BM
Eigendelar		
Kontantar og fordringar på sentralbankar	9.847	
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		
Utlån til og fordringar på kundar	2.014.926	606.655
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet		
Verdipapir tilgjengeleg for sal		
Investering i dotterselskap		
Goodwill		
Utsett skattefordel		
Varige driftsmidler	25.338	2.540
Overtekne og andre eigendelar	2.031	269.612
Sum eigendelar	2.052.142	878.807
Gjeld og egenkapital		
Gjeld til kredittinstitusjonar		
Innskot frå kundar	1.547.040	865.674
Gjeld ved utsteda verdipapir		
Anna gjeld	481.972	38
Pensjonsforpliktingar		
Ansvarleg lånekapital		
Sum gjeld	2.029.012	865.712
Opptent egenkapital	23.130	12.895
Innskoten egenkapital		
Udisponert overskot etter skatt		
Sum egenkapital	23.130	12.895
Sum gjeld og egenkapital	2.052.142	878.607

11 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	Morbank		Konsern	
	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2013
Kjernekapital:				
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	157.034	148.470	156.951	138.887
Gåvefond	22.753	17.925	22.753	23.206
Utjamningsfond	16.276	12.949	16.276	18.332
Frådrag	-14.376	-27.087	-14.378	-29.658
Rein kjernekapital	246.124	216.694	246.039	215.204
Fondsobligasjonar	39.660	137.711	39.660	137.711
Frådrag	-28.221		-28.225	
Kjernekapital	257.563	354.405	257.474	352.915
Tilleggskapital	57.066		57.066	
Frådrag	-28.221		-28.225	
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	286.408	354.405	286.315	352.915
Eksponeringskategori:				
Statar	0	0	0	0
Lokal regional styresmakt	2.200	2.200	2.200	2.200
Institusjonar	8.217	123.816	8.217	123.816
Føretak	206.804	178.454	206.804	176.193
Pantesikra eigedom	1.154.165	1.228.462	1.154.165	1.228.462
Forfalne engasjement	20.567	28.013	20.567	28.013
Høyrisiko	13.482		13.482	
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.506	11.442	10.506	11.442
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	30.633		30.633	
Andelar verdipapirfond	0	34.909	0	34.909
Egenkapitalposisjonar	104.682		105.807	
Andre engasjement	166.464	203.331	165.594	203.898
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	150.196	136.467	150.196	136.467
Frådrag	-76.754	-37.292	-76.754	-37.428
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.791.162	1.909.801	1.791.417	1.907.971
Rein kjernekapitaldekning %	13,74 %	11,35 %	13,73 %	11,28 %
Kjernekapitaldekning %	14,38 %	18,56 %	14,37 %	18,50 %
Kapitaldekning %	15,99 %	18,56 %	15,98 %	18,50 %

12 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 31.12.2014 NOK 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

Eigarandelsbrøken for 2013 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2012, justert for utbetalningar gjennom 2013. Tilsvarende er eigarandelsbrøken for 2014 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2013 justert for utbetalningar gjennom 2014.

	i 1.000 kr	
	2014	2013
Eigarandelsbrøk, morbank		
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812
Utjamningsfond	14.220	16.276
Sum eigarandelskapital (A)	78.657	80.713
Sparebankens fond	157.034	137.805
Gåvefond	22.753	23.206
Grunnfondskapital (B)	179.787	161.012
Fond for urealisert vinst	19.627	11.816
Avsett utbytte, gaver og konsernbidrag	2.056	2.056
Anna eigenkapital	0	0
Sum eigenkapital	280.127	255.597
Eigarandelsbrøk A / (A+B)	33,39 %	33,76 %
Utbytte		
Avsett utbytte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,25	3,25
Samla utbytte	2.056	2.056

Dei 20 største eigarane pr. 31.12.2014 utgjør 48,59 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

31.12.2014					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	6,63 %	SECURUS AS	10.000	1,58 %
DØSKELAND BØRGE	32.980	5,21 %	THU LEIF MAGNE	8.498	1,34 %
EUROVEST AS	23.321	3,69 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
ROGNE HELGE	20.663	3,27 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	0,95 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	HARALD ESPEDAL AS	5.966	0,94 %
MERRILL LYNCH PROF. MLPRO SEG FOR I	10.769	1,70 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,88 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	HALVARD HANEVOLD AS	5.200	0,82 %
SUM				307.310	48,59 %

31.12.2013					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,37 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	7,38 %	SECURUS AS	10.000	1,30 %
KØHLERGRUPPEN AS	33.816	5,35 %	TH DAHL AS	9.500	1,26 %
ROGNE HELGE	25.513	3,87 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,21 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,20 %
DØSKELAND BØRGE	20.850	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,08 %
EUROVEST AS GEIR KAASEN	14.800	1,58 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	1,05 %
WAHLSTRØMERIK	11.595	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,95 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,49 %	THU LEIF MAGNE	5.098	0,88 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,30 %	HUNDERE ROY HELGE	5.000	0,79 %
SUM				315.285	49,85 %

13 Verdipapir

Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	31.12.2014			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	0	155.168	8.988	164.156
Verdipapir tilgjengeleg for sal			100.004	100.004
Sum eigendelar	0	155.168	108.992	264.160

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2014	95.265
Realisert gevinst resultatført	4.911
Urealisert gevinst og tap resultatført	201
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	7.811
Investering	9.065
Sal	-8.261
Utgående balanse 31.12.2014	108.992

	31.12.2014			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	26.440	170.658	8.791	205.889
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			86.474	86.474
Sum eigendelar	26.440	170.658	95.265	292.363

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2013	90.695
Urealisert gevinst og tap resultatført	-418
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	11.537
Investering	8.919
Sal	-15.468
Utgående balanse 31.12.2013	95.265

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

Nivå 1 – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børss, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børssnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

Nivå 2 – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

Nivå 3 – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Pr. 31.12.2014 har banken sett verdien på aksjane i Eika Gruppen til 90 % av verdsetjing føreteke av finansavdelinga i Eika Gruppen. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verdivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 118,70 pr. aksje.





INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen

